

# Forskrift om nedgravne oljetankar, framgangsmåte for kommunar

I 2004 vart forskrifta for nedgravne oljetankar innlemma i forureiningsforskrifta som kapittel 1.<sup>1</sup> Her vert kommunen sitt ansvar lista opp:

- a) Kommunen skal vedta ei lokal forskrift som seier kva område forskrifta gjeld for, og om forskrifta og skal gjelde for tankar mindre enn 3200 liter.<sup>2</sup>(§1-2)
- b) Kommunen skal føre tilsyn med at bestemmingane i forskrifta vert overhaldd. (§1-10)
- c) Kommunen er ansvarlig for å etablere og ajourføre et register med nødvendige opplysninger om nedgravne oljetankar innen kommunen, og kan krevje opplysningar frå innbyggjarar om eksisterende nedgravde oljetanker. (§1-10)
- d) Kommunen skal stille kvalifikasjonskrav til den som foretar kontroll av nedgravne tankar. (§1-10)

Slik kan kommunane enkelt følgje opp krava i forskrifta:<sup>3</sup>

## 1. Registrer oljetankar i kommunen.

### a) Gje feiarane ansvar for registreringa

Feiarane fører tilsyn, og besøker alle i bustader i kommunen med eldstad eller fyringsanlegg. Dei kan samtidig registrere om boligen har ein oljetank.



Feiermester i samtale, og lufter- og påfyllingsrør på ein oljetank.



Ser feiaren ein eldstad eller eit fyringsanlegg for olje/parafin, ber han/ho byggeigar om å fylle ut meldeskjema for nedgravne oljetank (sjå vedlegg). Er ikkje eigar heime, registrerer feiaren «ukjent tank» om han/ho ser påfyllings- eller lufterør til ein oljetank.

### b) Bruk forvaltningssystem, eller lag eige register.

Mange kommunar bruker forvaltningssystemet Komtek. Komtek har ein egen modul, "brenselstank", der alle typar brenselstankar kan registrerast. Kommunen kan kjøpe modulen for å føre register over tankar. Er det få nedgravne oljetankar i kommunen kan feiarane lage eigne register.



Skjerm bilde av Komteks feiarmodul

Registra må angje tankens eigar, plassering av tanken, kva type tank det er og når tanken vart lagd ned. Tankar må og kategoriserast etter kva status dei har: sanert (reinsa av godkjent firma) / fjerna (fjerna sjølv av eigar) / ikkje i bruk / i bruk / ukjent. Registret må også gje oversikt over oppfølginga av tankeigarar når det gjeld tilstandskontrollar.

<sup>1</sup> Du finn hele forskrifta her: [http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL\\_1-1#KAPITTEL\\_1-1](http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL_1-1#KAPITTEL_1-1)

<sup>2</sup> Om utslipp fra nedgravde oljetanker i kommunen ikke vil føre til skade eller ulempe, kan og kommunen la være å fastsette noe geografisk virkeområde.

<sup>3</sup> Her finn de veiledninga til kommunar om forskrifta: [www.miljodirektoratet.no/old/klif/publikasjoner/vann/1480/ta1480.pdf](http://www.miljodirektoratet.no/old/klif/publikasjoner/vann/1480/ta1480.pdf)

## 2. Lag forslag til lokal forskrift og vedta ho i kommunen.

Om kommunen vedtek forskrifta gjeld ho for tankar over 3200 liter, men som tilsynsmyndigheit kan kommunen gjere innstrammingar av forskrifta lokalt både når det gjeld tankstørrelse og geografisk utbreiding.

- Kommunen bør vedta at forskrifta skal gjelde for alle nedgravne oljetankar. (§1-2)
- Kommunen bør vedta at forskrifta skal gjelde i heile kommunen. (§1-2)
- Kommunen kan vedta forbod mot all installasjon og bruk av nedgravne oljetankar, eller stille andre krav i ekstra sårbare område. (§1-2)

Eksempel på lokal forskrift:

I medhold av § 1-2 i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) kapittel 1 Tiltak for å motvirke fare for forurensning fra nedgravde oljetanker, vedtas at forskriften skal gjelde for alle nedgravde oljetanker i Rælingen kommune.

**Hjemmel:** Fastsatt av Rælingen kommunestyre 20. juni 2012 med hjemmel i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 1-2, jf. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven).

Dømer på andre kommunar som har utvida den nasjonale forskrifta: Bergen, Alta, Oslo, Gjøvik, Spydeberg.

## 3. Handhev forskrifta.

Når kommunen vedtek forskrifta, vil krava i forskrifta om meldeplikt ved nedlegging eller fjerning av en oljetank, dokumentert tilstandskontroll og om tømning og fjerning av oljetankar tatt ut av bruk gjelde. Slik kan kommunen handheve forskrifta:

- Brann og redningstenesta (ved feiing og tilsynsavdelinga) gis ansvar for å registrere oljetankar, sende ut varsel til tankeigar om tilstandskontroll i henhold til forskrifta, og behandling av søknadar om dispensasjon til fjerning av tanken.
- Bestem kriteria for dispensasjon frå å fjerne tanken. T.d. at tanken ligg under byggverk, eller ligg utilgjengelig for oppgraving. Kommunen kan krevje at tankar som vert gitt dispensasjon vert reinsa av firma med arbeidssertifikat.
- Bestem kvalitetskrav til firma som skal gjere tilstandskontroll. T.d. at firmaet har kontrollører / sertifikatutstedere registrert hos Arbeidstilsynet.<sup>4</sup>

## 4. Informer innbyggjarar om forskrifta og handhevinga av ho.

- Kontakt eigarane av oljetankar i kommunen med infobrev om forskriftskrav og forbodet mot fossil oljefyring som kjem i 2020<sup>5</sup> og info og om korleis kommunen handterer desse sakene.
  - Feiarane gir ut informasjon når dei tek runda si.
  - Kommunen legg informasjon på eigne nettstadar.
  - Informasjon vert send ut til innbyggjarar med eldstad og fyringsanlegg.
- Kommunen får oppslag i lokalmedia om endringa i forskrifta.
- Kommunen arrangerer informasjonsmøte for innbyggjarar.

Naturvernforbundet har gjennom oljefri mykje erfaring med å hjelpe kommunar i arbeidet med utfasing oljefyring og nedgravne oljetankar. Ta kontakt (55300660, info@oljefri.no) om kommunen treng hjelp og ynskjer eit samarbeid.



Informasjonsmøte om overgang til fornybar energi

<sup>4</sup> Har gjennomført autorisasjonskurs hos Norsk Tanksikkerhet Foreining.

<sup>5</sup> Enova gir tilskot til fjerning av oljetank om det inngår i skifte frå oljefyr med vassboren varme til fornybare varmeløysingar. Meir informasjon om stønad på [enova.no](http://enova.no).